

---

**Fra:** Tor Magnus Hillestad <tor@kreativside.no>  
**Sendt:** onsdag 7. mars 2018 18.17  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Trude Langedal; post@alverhjort.no  
**Emne:** SØKNAD OM ENDRA AREALDISPONERING - AREAL KOMMUNEDELPLAN  
KNARVIK - ALVERSUND MED ALVERSTRAUMEN - ID 1263 - 201701  
**Vedlegg:** Spredt utbygging.jpg

Eg er eigar av m.a. Gnr 137, Bnr 19 og 2 på Alver. På eigedomen driv eg for det meste oppdrett av hjort.

Eg søker med dette endra status på eit avgrensa området på Alver, endring til LNF Sone Spreidd Utbygging.

I nærområdet det her er tale om er det frå før spreidd busetnad/utbygging og det vil høva bra med tilsvarende utbygging over noko tid på dette avgrensa område på eigedomen min. Ei utbygging her etter reguleringsplan kan verta meir fortætt enn ynskeleg.

Denne utbygginga vil og avhjelpe behovet for utbygging i Alversund sjølv om eg legg opp til at dette går over noko tid.

Det vert lagt opp til ei utbygging på 3 - 5 tomter.

I pakt med utviklinga i seinare tid og vedtak som ligg føre ligg tilhøva elles godt til rette når det gjeld infrastruktur med offentleg vatn, kloakk og veg m/fortau i tilknyting til området.

Eg søker såleis med dette om at arealet avmerka på vedlagte kartskisse vert omdefinert til LNF område Sone Spreidd Utbygging. Dette vil gjeva betre handlefridom for framtidig arealutnytting på garden i pakt med dei behov som melder seg.

MVH  
Lars Øyvind Hillestad